

Saksframlegg

Sakshandsamar:	Kommunedirektør	Berit Karin Rystad
Avgjerslemynde:	Arkivnr.: 20/602	Klassering:

Referat frå møte Med Skyss AS og Vestland fylkeskommune knytt til regularitet på ferja

Saksopplysningar

I samband med hendinga den 15. januar 2023 då MF Fedjebjørn fekk tekniske problem og reserveferje ikkje vart sett inn på sambandet i samsvar med kontraktskrava, vart det gjort avtale om eit møte med Vestland fylkeskommune og Skyss AS. Den 24.02.23 hadde ordførar og kommunedirektør møte i Bergen der diverse problemstillingar knytt til tryggleik/beredskap, informasjon og driftsavtale blei drøfta. Referat og presentasjon ligg ved saka.

Vurdering

Skyss ser behovet for god kommunikasjon med Fedje kommune i situasjonar der ferja fell bort av ulike årsaker. Kommunen si kriseleiiing (KKL) vil ha tilgang til Skyss sin kollektivvakt. Det vil gi betre moglegheit til å være proaktiv knytt til situasjonar som oppstår, mellom anna utrykking av brann eller ambulanse. Fedje kommune kan linke til Skyss sin avviksinformasjon når me skal gje informasjon til innbyggjarane.

Ordførar viste til hendingar der ferja ikkje har venta på ambulanse som har hatt oppdrag på Fedje. Skyss ønskjer nærmare informasjon om hendinga og tidspunkt slik at dette kan følgjast opp. Fedje kommune vil komme tilbake til dette og følgje opp saka.

Ordførar viste og til at Fedje kommune har motteke 30 ukrainske flyktningar som ikkje har bil. Dette har gitt utfordringar knytt til kapasitet på transport på strekninga mellom Mastrevik og Sævrøy. Det er behov for større bil på denne strekninga. Skyss har notert seg dette innspelet og vil undersøkje saka nærare.

Folkehelse

Miljø

Økonomi

Konklusjon

Fedje kommune har oppretta ein god dialog med Skyss og Vestland fylkeskommune knytt til utfordringar med bortfall av ferja over lengre tid og manglande informasjon knytt til dette. Me ventar no at desse utfordringane er løyst, og at slike situasjonar som skjedde den 15. januar ikkje skal skje igjen.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til vitande

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Vedlagte saksdokument:

Referat møte Fedje kommune 24.02.23	79415	10.04.2023
Avvik Fedje-Sævrøy	79416	10.04.2023